

# Statens pensjonsfond utland

Halvårsrapport

2021

# Hovudtal

# 9,4 %

## 990 milliardar kroner

Statens pensjonsfond utland fekk ei avkastning på **9,4** prosent, eller **990** milliardar kroner, i første halvår 2021.



Aksjar

13,7 %



Rentepapir

-2,0 %



Unotert  
eigedom

4,6 %



Unotert infrastruktur  
for fornybar energi

-1,9 %

Avkastninga på aksjeinvesteringane til fondet var på **13,7** prosent. Avkastninga på renteinvesteringane var på **-2,0** prosent. Investeringar i unotert eigedom fekk ei avkastning på **4,6** prosent, mens avkastninga på investeringar unotert infrastruktur for fornybar energi var på **-1,9** prosent.<sup>1</sup>

Avkastninga på investeringane var **0,28** prosentpoeng høgare enn avkastninga på referanseindeksen som fondet blir målt mot.

<sup>1</sup> Den første infrastrukturinvesteringa blei gjort i andre kvartal 2021. Avkastninga kjem hovudsakleg av valutakursendringar ved måling av avkastning i valutakorga til fondet. Ved utgangen av halvåret er det ikkje gjort noka verdiendring på investeringa samanlikna med kjøpsverdi.

# 11 673

**milliardar kroner**

Ved utgangen av første halvår var marknadsværdien av fondet **11 673** milliardar kroner. Fondet var investert med **72,4** prosent i aksjar, **25,1** prosent i rentepapir, **2,4** prosent i unotert eigedom og **0,1** prosent i unotert infrastruktur for fornybar energi.



**Aksjar**

**72,4 %**



**Rentepapir**

**25,1 %**



**Unotert  
eigedom**

**2,4 %**



**Unotert infrastruktur  
for fornybar energi**

**0,1 %**



# Innhald

---

## 1 |

### Investeringane

Aksjar \_\_\_\_\_ 6

Rentepapir \_\_\_\_\_ 9

Eigedom \_\_\_\_\_ 12

Infrastruktur for  
fornybar energi \_\_\_\_\_ 13

## 2 |

### Forvaltninga

Forvaltninga \_\_\_\_\_ 14

Risiko \_\_\_\_\_ 16

Ansvarleg forvaltning \_\_\_\_\_ 18

## 3 |

### Hovudtal og rekneskap

Hovudtal \_\_\_\_\_ 20

Rekneskapsrapportering \_\_\_\_ 22

Notar \_\_\_\_\_ 28

Revisjonsmelding \_\_\_\_\_ 55

# Investeringane

**Avkastninga på aksjeinvesteringane til fondet var på 13,7 prosent. Renteinvesteringane fekk ei avkastning på -2,0 prosent og unotert eigedom 4,6 prosent. Fondet gjorde i løpet av halvåret den første investeringa i unotert infrastruktur for fornybar energi.**

## Aksjar


Aksjeinvesteringane, som utgjorde 72,4 prosent av fondet ved utgangen av halvåret, hadde ei avkastning på 13,7 prosent i dei seks første månadene av året. Sektorane helse og teknologi har hatt solid avkastning gjennom koronapandemien, og oppgangen heldt fram i første halvår. I tillegg var det sterk avkastning frå

energi- og finanssektoren, som opplevde ein sterk nedgang tidlegare i pandemien. Den sterkaste avkastninga i halvåret var i dei meir inflasjonseksponeerte sektorane som energi, finans, material, eigedom og industri. Tilsvarande var det ei rørsle frå høgast avkastning i vekstaksjar til verdiaksjar. Utrullinga av vaksinasjonsprogram i USA, Storbritannia og Europa gav håp om å vende tilbake til normalitet i andre halvdel av året. Mot slutten av første halvår la derfor marknadsdeltakarane vekt på dei økonomiske utsiktene etter pandemien og ei forventning om høgare inflasjon.

## Positiv avkastning i alle marknader


Nordamerikanske aksjar hadde ei avkastning på 17,0 prosent i halvåret og stod for 45,2 prosent av aksjeinvesteringane til fondet. Avkastninga på aksjar noterte i USA var på 16,8 prosent, tilsvarande 15,2 prosent målt i lokal valuta. USA

**Figur 1** Kursutviklinga i regionale aksjemarknader. Målt i amerikanske dollar, med unntak av Stoxx Europe 600, som er målt i euro. Indeksert totalavkastning 31.12.2020 = 100.



Kjelde: Bloomberg

**Figur 2** Kursutviklinga i ulike aksjesektorar i FTSE Global All Cap-indeksen. Målt i amerikanske dollar. Indeksert totalavkastning 31.12.2020 = 100.



Kjelde: FTSE Russell

var den største enkeltmarknaden for fondet og stod for 43,2 prosent av aksjeinvesteringane.

Europeiske aksjar hadde ei avkastning på 13,5 prosent i halvåret. Totalt var 30,6 prosent av aksjeinvesteringane til fondet plasserte i europeiske selskap. Aksjar noterte i Storbritannia hadde ei avkastning på 13,5 prosent. I lokal valuta var avkastninga 10,7 prosent. Dette er den største europeiske marknaden for fondet. 7,1 prosent av aksjeinvesteringane var plasserte her.

Aksjar i Asia og Oseania hadde ei avkastning på 7,8 prosent og utgjorde 22,7 prosent av aksjeinvesteringane til fondet. Avkastninga for japanske aksjar var på 2,9 prosent, tilsvarande 9,1 prosent målt i lokal valuta. Japanske aksjar utgjorde 7,5 prosent av aksjeinvesteringane.

Aksjar i framveksande marknader hadde ei avkastning på 10,7 prosent i halvåret. Til saman var 11,8 prosent av aksjeinvesteringane til fondet plasserte i framveksande marknader. Kinesiske aksjar fekk ei avkastning på 4,8 prosent. Totalt var 4,9 prosent av aksjeinvesteringane til fondet plasserte her.

#### Sterkast avkastning for energiselskap

Energiselskap hadde den sterkaste avkastninga i halvåret på 19,5 prosent. Oljeprisen har auka gjennom første halvår i takt med auka global etterspurnad etter olje og mindre oljelager fordi OPEC+ har halde tilbake tilbodet.

Finansselskap hadde nest sterkast avkastning på 18,2 prosent, der bankar gjorde det spesielt godt med ei avkastning på 23,2 prosent. Utrullinga av vaksinasjonsprogram og oppdemd etterspurnad

**Tabell 1** Avkastninga på aksjeinvesteringane til fondet i første halvår 2021. Fordelt etter sektor. Internasjonal valuta. Prosent.

Sektor	Avkastning	Del av aksjebeholdningane <sup>1</sup>
Materialer	14,7	4,3
Konsumvarer	6,8	6,1
Varige konsumvarer	11,3	15,4
Finans	18,2	14,5
Helse	10,8	11,5
Industri	15,3	13,8
Energi	19,5	3,2
Teknologi	16,8	19,8
Telekommunikasjon	9,8	3,4
Kraft- og vassforsyning	0,6	2,4
Eigedom	14,5	5,9

<sup>1</sup> Summerer seg ikkje til 100 prosent fordi kontantar og derivat ikkje er inkluderte.

**Tabell 2** Dei største aksjebeholdningane i fondet per 30. juni 2021. Millionar kroner.

Selskap	Land	Behaldning
Apple Inc	USA	173 676
Microsoft Corp	USA	173 545
Alphabet Inc	USA	126 974
Amazon.com Inc	USA	126 474
Facebook Inc	USA	88 729
Nestlé SA	Sveits	79 391
Taiwan Semiconductor Manufacturing Co Ltd	Taiwan	71 229
Roche Holding AG	Sveits	59 769
ASML Holding NV	Nederland	54 320
Tencent Holdings Ltd	Kina	53 641

har bidratt til den raske gjenreisinga i mange økonomiar. Bankane hadde høgare inntekter og lågare forventa tap på utlån. I tillegg var det betre utsikter for utbyttebetalingar sidan regulatoriske avgrensingar blei fjerna.

Teknologiselskap hadde også ei sterk avkastning på 16,8 prosent. Fleire store teknologiselskap opplevde ein auke i digital annonsering. I tillegg bidrog halvleiarar til oppgangen, sidan etterspurnaden og prisinga av halvleiarar auka betydeleg.

Kraft- og vassforsyningselskap hadde svakast avkastning i første halvår på 0,6 prosent. Aukande renter og høgare inflasjonsforventningar er faktorar som har bidratt til den svake avkastninga.

#### **Enkeltinvesteringar**

Investeringa i teknologiselskapet Alphabet Inc. bidrog mest positivt til avkastninga i halvåret, følgt av investeringane i teknologiselskapa Microsoft Corp og Facebook Inc. Enkeltelskapa som bidrog mest negativt til avkastninga, var legemiddelselskapet Daiichi Sankyo Co. Ltd. følgt av straumforsyningselskapet Iberdrola SA og eigedomsselskapet Vonovia SE.

Fondet deltok totalt i 223 børnoteringar globalt første halvår. Dei tre største børnoteringane der fondet kjøpte aksjar, var i Kuaishou Technology, Coupang Inc. og DiDi Global. Dei største deltakingane i børnoteringar var i Coupang Inc., DiDi Global og Vantage Towers AG. Kuaishou Technology er ein kinesisk mobilapp for videodeling, Coupang Inc. er den største nettbaserte marknadsplassen i Sør-Korea, DiDi Global er eit kinesisk selskap som tilbyr løysingar for passasjertransport, og Vantage Towers AG er eit tysk telekommunikasjonsselskap.

#### **Avkastning målt i internasjonal valuta**

Fondet investerer i internasjonale verdipapir i utanlandsk valuta. Avkastninga i fondet blir primært målt i internasjonal valuta, det vil seie ei vekta samansetjing av valutaene i referanseindeksane for fondet for aksjar og obligasjonar. Denne samansetjinga kallar ein valutakorga til fondet, og denne bestod av 36 valutaer ved utgangen av første halvår 2021. Om ikkje anna er opplyst i teksten, er resultatmålinga gjort i valutakorga til fondet.

## Renter

Renteinvesteringane utgjorde 25,1 prosent av fondet ved utgangen av første halvår og fekk ei avkastning på -2,0 prosent. Gjenopninga av den globale økonomien saman med vidareføringa av ein ekspansiv finans- og pengepolitikk gjorde inflasjon til eit hovudtema i finansmarknadene og førte til auke i det globale rentenivået.

### Høgare rentenivå minka verdien på obligasjonsporteføljen

Statsobligasjonar fekk ei avkastning på -3,1 prosent og utgjorde 50,5 prosent av renteinvesteringane til fondet ved utgangen av første halvår. Dei tre største behaldningane av statsobligasjonar i fondet bestod av obligasjonar utferda av USA, Japan og Storbritannia.

Amerikanske statsobligasjonar fekk ei avkastning på -1,6 prosent. I lokal valuta var avkastninga -3,0 prosent. Amerikanske statsobligasjonar stod for 23,6 prosent av renteinvesteringane og var den største behaldninga fondet hadde av statsgjeld frå ein enkeltutferdar. Den amerikanske sentralbanken har vidareført pengepolitikken med styringsrente nær null og aktiv bruk av eigen balanse for å stimulere økonomien. Ved utgangen av juni var balansen auka med ytterlegare 750 milliardar amerikanske dollar til om lag 8 000 milliardar, noko som utgjør 37 prosent av storleiken på økonomien. Trass i dette auka den tiårige renta med 0,6 prosentpoeng, frå 0,9 til 1,5.

**Tabell 3** Avkastninga på renteinvesteringane til fondet i første halvår 2021. Fordelt etter sektor i internasjonal valuta. Prosent.

Sektor	Avkastning	Del av renteinvesteringane <sup>1</sup>
Statsobligasjonar <sup>2</sup>	-3,1	50,5
Statsrelaterte obligasjonar <sup>2</sup>	-1,8	11,7
Realrenteobligasjonar <sup>2</sup>	1,5	6,1
Selskapsobligasjonar	-0,4	24,9
Pantesikra obligasjonar	-2,2	5,4

<sup>1</sup> Summerer seg ikkje til 100 prosent fordi kontantar og derivat ikkje er inkluderte.

<sup>2</sup> Nasjonale statar utferdar fleire typar obligasjonar, og desse blir grupperte i ulike kategoriar for renteinvesteringane til fondet. Obligasjonar som er utferda av eit land i den aktuelle valutaen i landet, blir klassifiserte som statsobligasjonar. Obligasjonar som er utferda av eit land i valutaen til eit anna land, inngår i kategorien statsrelaterte obligasjonar. Realrenteobligasjonar som er utferda av eit land, inngår i kategorien realrenteobligasjonar.

**Tabell 4** Dei største obligasjonsbehaldningane i fondet per 30. juni 2021. Millionar kroner.

Utferdar	Land	Behaldning
Amerikanske stat	USA	780 735
Japanske stat	Japan	221 426
Britiske stat	Storbritannia	98 950
Tyske stat	Tyskland	90 467
Franske stat	Frankrike	85 281
Australske stat	Australia	42 896
Spanske stat	Spania	42 875
Italienske stat	Italia	41 466
Canadiske stat	Canada	39 799
Canada Mortgage & Housing Corp	Canada	35 289

Euro-denominerte statsobligasjonar, som utgjorde 10,8 prosent av renteinvesteringane, fekk ei avkastning på -5,3 prosent. I lokal valuta var avkastninga -3,7 prosent. Den europeiske sentralbanken held fram med kjøpsprogrammet for obligasjonar som blei lansert i mars 2020. Programmet er i alle fall forlengt til mars 2022.

Japanske statsobligasjonar, som utgjorde 7,4 prosent av renteinvesteringane, fekk ei avkastning på -5,4 prosent. I lokal valuta var avkastninga 0,3 prosent. Den japanske sentralbanken har halde fram med kvantitative og kvalitative lettar med rentekurve-kontroll utan vesentlege endringar i første halvdel av 2021.


Britiske statsobligasjonar, som utgjorde 2,4 prosent av renteinvesteringane, fekk ei avkastning på -4,3 prosent. I lokal valuta var

avkastninga -6,6 prosent. Styringsrenta i Storbritannia er uendra på 0,1 prosent, og kvantitative lettar blir framleis brukt for å stimulere økonomien.

Fondet er også investert i obligasjonar frå statsrelaterte institusjonar inkludert lokal myndigheitsgjeld slik som Canada Mortgage & Housing Corp., Den europeiske unionen og Kreditanstalt für Wiederaufbau. Statsrelaterte obligasjonar hadde ei avkastning på -1,8 prosent og utgjorde 11,7 prosent av renteinvesteringane.


Selskapsobligasjonane fekk ei avkastning på -0,4 prosent og utgjorde 24,9 prosent av renteinvesteringane til fondet ved utgangen av første halvår. Kredittpremien har vore stabil gjennom første halvår og er noko lågare enn ved inngangen til året.

**Figur 3** Kursutviklinga for obligasjonar som er utferda i ulike valutaer. Målt i lokal valuta. Indeksert totalavkastning 31.12.2020 = 100.



Kjelde: Bloomberg Barclays Indices

**Figur 4** Utviklinga i rentene på tiårige statsobligasjonar. Prosent.



Kjelde: Bloomberg

Dei pantesikra obligasjonane til fondet, som hovudsakleg bestod av obligasjonar med fortrinnsrett denominert i euro, utgjorde 5,4 prosent av renteinvesteringane til fondet og fekk ei avkastning på -2,2 prosent.


Realrenteobligasjonar fekk ei avkastning på 1,5 prosent og utgjorde 6,1 prosent av renteinvesteringane til fondet. Avkastninga blei positivt påverka av ein markant auke i inflasjonsforventningane i marknaden, mens renteauken verka motsett sidan desse obligasjonane har lang gjennomsnittleg løpetid.

#### Endringar i beholdninga av rentepapir

Marknadsverdien av renteinvesteringane i valutaene til framveksande marknader utgjorde 0,3 prosent av investeringane, mot 2,8 prosent ved utgangen av 2020.

I løpet av første halvår auka marknadsverdien mest i statsobligasjonane i fondet som er utferda av USA, Nederland og Frankrike. Statsobligasjonar utferda av Japan, Tyskland og Sør-Korea hadde størst reduksjon i marknadsverdi.

**Figur 5** Kursutviklinga for ulike obligasjonar. Målt i amerikanske dollar. Indeksert totalavkastning 31.12.2020 = 100.



Kjelde: Bloomberg Barclays Indices

**Tabell 5** Obligasjonar i fondet per 30. juni 2021 fordelt etter kredittvurdering. Prosent av beholdninga.

	AAA	AA	A	BBB	Lågare vurdering	Totalt
Statsobligasjonar	31,3	6,6	10,1	2,4	0,9	51,2
Statsrelaterte obligasjonar	5,1	4,5	1,8	0,5	0,0	11,9
Realrenteobligasjonar	4,0	1,5	0,2	0,4	0,0	6,1
Selskapsobligasjonar	0,2	1,9	10,2	12,5	0,4	25,3
Pantesikra obligasjonar	4,6	0,8	0,1	0,0	0,0	5,5
<b>Totalt</b>	<b>45,3</b>	<b>15,3</b>	<b>22,4</b>	<b>15,7</b>	<b>1,4</b>	<b>100,0</b>

## Eigedom

Dei samla investeringane fondet har i eigedom, utgjorde 4,2 prosent av fondet ved utgangen av første halvår. Avkastninga var 8,05 prosent. I forvaltninga er unoterte og noterte eigedomsinvesteringar forvalta som ein samla strategi for eigedom.

Investeringane i unotert eigedom utgjorde 57,0 prosent av eigedomsinvesteringane og fekk i første halvår ei avkastning på 4,6 prosent. Avkastninga på dei unoterte eigedomsinvesteringane i fondet blir påverka av leigeinntekter, driftskostnader, endringar i verdi på eigedom og gjeld, endringar i valutakursar og transaksjonskostnader for kjøp og sal av eigedom. Løpande leigeinntekter fråtrekt driftskostnader bidrog positivt til resultatet med

1,7 prosentpoeng målt i lokal valuta. Endringar i verdi på eigedom og gjeld bidrog med 2,6 prosentpoeng målt i lokal valuta. Transaksjonskostnader hadde ingen påverknad på avkastninga i første halvår, mens valutaendringar hadde eit positivt bidrag på 0,2 prosentpoeng.

Det var få nye transaksjonar i første halvår. I april annonserte fondet kjøp av ein logistikkeigedom i Daventry i Storbritannia, i partnerskap med Prologis. Vi betalte 27,1 millionar pund, tilsvarande rundt 319 millionar kroner, for eigarandelen på 50 prosent.

Børsnotert eigedom utgjorde 43,0 prosent av eigedomsinvesteringane ved utgangen av første halvår og fekk ei avkastning på 14,0 prosent.

**Tabell 6** Verdien av eigedomsinvesteringane per 30. juni 2021. Millionar kroner.

	Verdi <sup>1</sup>
Unoterte eigedomsinvesteringar	280 860
Børsnoterte eigedomsinvesteringar	211 887
<b>Aggregerte eigedomsinvesteringar</b>	<b>492 747</b>

<sup>1</sup> Inkludert bankinnskott og andre fordringar.

**Tabell 7** Avkastning på unoterte eigedomsinvesteringar i første halvår 2021. Prosentpoeng.

	Avkastning
Leigeinntekter	1,7
Verdiendringar	2,6
Transaksjonskostnader	0,0
Resultat av valutajusteringar	0,2
<b>Totalt</b>	<b>4,6</b>

### Unotert infrastruktur for fornybar energi

Fondet fekk frå 1. januar 2020 mandat til å investere i unotert infrastruktur for fornybar energi, det vil seie infrastruktur for produksjon, overføring, distribusjon og lagring av energi basert på fornybare energikjelder.

Finansdepartementet har i mandatet fastsett ei øvre ramme for desse investeringane på to prosent av verdien av fondet. Det er i tillegg stilt krav om at investeringar i unotert infrastruktur for fornybar energi skal gjennomførast innanfor ramma på 120 milliardar kroner for dei miljørelaterte investeringsmandata.

I april annonserte vi at det var signert ein avtale om å kjøpe 50 prosent av havvindparken Borssele 1 & 2 i Nederland for 1 375 millionar euro, tilsvarande rundt 13,9 milliardar kroner.

Transaksjonen blei gjennomført i mai. Dette er den første og så langt einaste investeringa fondet har gjort i unotert infrastruktur for fornybar energi.

Avkastninga var på -1,93 prosent ved utgangen av halvåret. Avkastninga kjem hovudsakleg av valutakursendingar ved måling av avkastning i valutakorga til fondet. Ved utgangen av halvåret er det ikkje gjort noka verdiending på investeringa samanlikna med kjøpsverdi.

**Tabell 8** Verdien av unoterte infrastrukturinvesteringar per 30. juni 2021. Millionar kroner.

	Verdi <sup>1</sup>
<b>Unoterte infrastrukturinvesteringar</b>	<b>14 059</b>

<sup>1</sup> Inkludert bankinnskott og andre fordringar.

**Tabell 9** Avkastning på unotert infrastruktur i første halvår 2021. Prosentpoeng.

	Avkastning <sup>1</sup>
<b>Unoterte infrastrukturinvesteringar</b>	<b>-1,93</b>

<sup>1</sup> Den første infrastrukturinvesteringa blei gjort i andre kvartal 2021.

# Forvaltninga


**Vi søker å utnytte det langsiktige perspektivet og den monalege storleiken på fondet for å skape høg avkastning og sikre verdier for framtidige generasjonar.**

Avkastninga på fondet blir målt mot ein referanseindeks som er fastsett av Finansdepartementet og består av ein delindeks for aksjar og ein delindeks for obligasjonar. Referanseindeksen fungerer som ei overordna ramme for marknads- og valutarisiko i forvaltninga og som ein målestokk mot marknadsindeksar og avkastninga av fondet. For aksjar tek indeksen utgangspunkt i den globale All Cap-indeksen frå FTSE Russell. For obligasjonar er indeksar frå Bloomberg Barclays Indices utgangspunktet.


I første halvår var avkastninga av fondet 0,28 prosentpoeng høgare enn avkastninga på referanseindeksen frå Finansdepartementet.



**Figur 6** Kvartalsvis avkastning og akkumulert annualisert avkastning på fondet. Prosent.



**Figur 7** Kvartalsvis relativ avkastning og akkumulert annualisert relativ avkastning på fondet. Berekna på aggregerte aksje- og renteinvesteringar fram til og med 2016. Prosentpoeng.



Fondet investerer i børsnoterte aksjar, obligasjonar, unotert eigedom og unotert infrastruktur for fornybar energi. I forvaltninga er unoterte og noterte eigedomsinvesteringar forvalta som ein samla strategi for eigedom. Eigedoms- og infrastrukturinvesteringar blir også refererte til som realaktivum. Når vi kjøper eigedom eller infrastruktur, sel vi obligasjonar og aksjar i eit forhold som held valutarisikoen uendra. Andelen sal av obligasjonar og aksjar blir avgjord av risikokarakteristikuma til investeringane. Det blir sett eigne referanseindeksar for aksje- og renteforvaltninga som er justerte for obligasjonar og aksjar som er selde for å finansiere eigedoms- og infrastrukturforvaltninga. Dette gjer det mogleg å ha ei heilskapleg risikostyring av fondet.

Den relative avkastninga blir broten ned på forvaltningsområda aksje-, rente- og realaktivumforvaltning og på ein allokeringseffekt mellom desse.

Aksjeforvaltninga bidrog med 0,25 prosentpoeng til den relative avkastninga av fondet i første halvår. Investeringane innanfor teknologisektoren bidrog mest positivt til meir-avkastninga i halvåret, medan energisektoren bidrog mest negativt. Fordelt på land var det aksjeinvesteringar i USA og Kina som bidrog mest til det positive relative resultatet, medan australske aksjar bidrog mest negativt. Ein høgare del i aksjeforvaltninga i verdiselskap i forhold til referanseindeksen bidrog positivt til den relative avkastninga.

Renteforvaltninga bidrog med -0,02 prosentpoeng til den relative avkastninga av fondet. Renteforvaltninga til fondet har ein lågare durasjon enn referanseindeksen, noko som bidrog negativt til den relative avkastninga av forvaltninga i første halvår.

Realaktivumforvaltninga bidrog med 0,09 prosentpoeng til den relative avkastninga av fondet, målt mot aksjane og obligasjonane som utgjer finansieringa av realaktivum. Dei noterte eigedomsinvesteringane bidrog med 0,07 prosentpoeng, dei unoterte eigedomsinvesteringane bidrog med 0,02 prosentpoeng, og infrastruktur hadde eit neglisjerbart bidrag til den relative avkastninga til fondet i første halvår.

Det relative resultatet kan også påverkast av ein allokeringseffekt mellom forvaltningsområda. I første halvår var bidraget frå denne effekten -0,05 prosentpoeng.

**Tabell 10** Bidrag frå forvaltninga til den relative avkastninga på fondet i første halvår 2021. Prosentpoeng.

	Totalt
Aksjeforvaltninga	0,25
Renteforvaltninga	-0,02
Realaktivumforvaltninga	0,09
Allokering	-0,05
<b>Totalt</b>	<b>0,28</b>

## Risiko

Samansetjinga av investeringane og svingingar i aksjekursar, valutakursar, rentenivå, kreditt- risikopåslag, eigedoms- og infrastrukturverdiar avgjer marknadsrisikoen i fondet. Det finst ingen enkeltmål eller analysar som fullt ut kan beskrive marknadsrisikoen i fondet. Vi bruker derfor ulike måltal og risikoanalysar, som forventa volatilitet, faktoreksponering, konsentrasjonsanalyse og likviditetsrisiko, for å få eit breiast mogleg bilete av marknadsrisikoen i fondet.

Forventa absolutt volatilitet for fondet, berekna ved det statistiske målet standardavvik, bruker tre års prishistorikk for å anslå kor mykje den årlege avkastninga på fondsinvesteringane normalt kan forventast å svinge. Ved utgangen av første halvår var den forventa absolutte volatiliteten til fondet på 10,6 prosent, eller om lag 1 230 milliardar kroner, mot 10,4 prosent ved inngangen til halvåret.

Vi investerer i realaktivum for å skape ein betre diversifisert portefølje. Vi forventar at realaktivum vil ha ein annan avkastningsprofil enn aksjar og obligasjonar både på kort og på lengre sikt. Den relative risikoen dette inneber, vil gje seg utslag i berekningane av forventa relativ volatilitet i forvaltninga. Sidan det ikkje finst daglege prisar for eigedomsinvesteringane våre, nyttar vi ein modell levert av MSCI. For infrastrukturinvesteringane nyttar vi generiske risikofaktorar som samsvarer med risiko- *karakteristikuma til investeringane.*

Finansdepartementet og hovudstyret i Noregs Bank har fastsett grenser for kor store avvik frå referanseindeksen fondet kan ha. Éi av grensene er forventa relativ volatilitet, som legg ei avgrensing på kor mykje avkastninga på investeringane kan forventast å avvike frå avkastninga på referanseindeksen for fondet. Alle investeringane i fondet, også realaktivum, er inkluderte i berekninga av forventa relativ

**Tabell 11** Risiko og eksponering for fondet.

	Grenser fastsette av Finansdepartementet	30.06.2021
Allokering	Aksjeporteføljen 60–80 prosent av fondet <sup>1</sup>	72,5
	Unotert eigedom inntil 7 prosent av fondet	2,4
	Obligasjonsporteføljen 20–40 prosent av fondet <sup>1</sup>	24,4
Marknadsrisiko	Unotert infrastruktur for fornybar energi inntil 2 prosent av fondet <sup>2</sup>	0,1
	1,25 prosentpoeng forventa relativ volatilitet for investeringane til fondet	0,5
Kredittrisiko	Inntil 5 prosent av renteinvesteringane kan ha lågare kredittvurdering enn kategori BBB-	1,4
Framveksande marknad	Inntil 5 prosent av renteinvesteringane kan vere investerte i framveksande marknad	3,7
Eigardel	Maksimalt 10 prosent av aksjar det er stemmerett for i eit børsnotert selskap i aksjeporteføljen <sup>3</sup>	9,6

<sup>1</sup> Derivat er avbilda med den underliggjande økonomiske eksponeringa.

<sup>2</sup> Investeringar i unotert infrastruktur for fornybar energi skal gjennomførast innanfor dei miljørelaterte investeringsmandata.

<sup>3</sup> Eigarskap i noterte og unoterte eigedomsselskap er unnateke frå dette.

volatilitet og blir målt mot referanseindeksen for fondet, som består av globale aksje- og obligasjonsindeksar. Grensa for forventa relativ volatilitet for fondet er 1,25 prosentpoeng. Ved utgangen av første halvår var den forventa relative volatiliteten i fondet 0,46 prosentpoeng.

Hovudstyret i Noregs Bank har sett ei grense for forventa ekstremavviksrisiko mellom avkastninga på fondet og tilhøyrande referanseindeks. Forvaltninga skal leggast opp slik at forventa negativ relativ avkastning i ekstreme situasjonar ikkje skal overstige 3,75 prosentpoeng. Ved utgangen av første halvår var ekstremavviksrisikoen på 1,36 prosentpoeng.

### Operasjonell risikostyring


Hovudstyret i Noregs Bank fastset rammene for operasjonell risikostyring og internkontroll i Noregs Bank Investment Management. Hovudstyret har bestemt at det i løpet av ein tolv månaders periode skal vere mindre enn 20

prosent sannsyn for at operasjonelle risikofaktorar vil føre til ein finansiell effekt på 750 millionar kroner eller meir. Dette blir kalla risikotoleransen til styret.


Vi anslår kvart kvartal kor store tap eller vinstar vi vil kunne få på eitt års sikt som følgje av uønskete operasjonelle hendingar i og rundt forvaltninga. Anslaget er basert på aktuelle hendingar og ei vurdering av framtidig risiko og representerer den berekna operasjonelle risikoeksponeringa fondet tek.

I første halvår var den estimerte operasjonelle risikoeksponeringa innanfor risikotoleransen til styret. Det blei registrert 129 uønskete operasjonelle hendingar. Samla sett gav hendingane ein estimert finansiell effekt på rundt 683 millionar kroner. Ein stor andel av den finansielle effekten er knytt til ein gevinst på 582 millionar kroner på grunn av ein manuell feil i porteføljestyingsprosessen for børsnoterte

**Figur 8** Forventa absolutt volatilitet for fondet. Prosent (venstre akse) og milliardar kroner (høgre akse).



**Figur 9** Forventa relativ volatilitet for fondet. Basispunkt.



verdipapir som førte til at vi blei tildelt fleire aksjar i eit selskap enn planlagt. Marknadsprisen bevega seg i vår favør av dei påverka verdipapira. Fleire forbetringar er iverksette for å redusere risikoen for at liknande hendingar skjer igjen.

Finansdepartementet har fastsett reglar for forvaltninga av fondet. Departementet skal orienterast ved vesentlege brot på spesifiserte rammer. Det blei ikkje avdekt nokon slike brot i løpet av halvåret. Vi fekk i den same perioden heller ikkje noko varsel om vesentlege brot på marknadsreguleringar eller anna generell lovgjeving frå lokale tilsynsmyndigheiter.

### Ansvarleg forvaltning

Ansvarleg forvaltning står målsetnaden med fondet på to måtar. For det første søker vi å fremje langsiktig økonomisk utvikling i investeringane våre. For det andre søker vi å redusere den finansielle risikoen som er forbunden med den miljømessige og sosiale åtferda til selskap vi er investerte i. Derfor vurderer vi forhold knytte til selskapsstyring og berekraft som kan ha innverknad på fonds-avkastninga over tid. Vi integrerer desse problemstillingane i arbeidet vårt med prinsipp og standardar, i det langsiktige eigarskapet og i investeringsverksemda vår.

### Setje prinsipp

Vi deltok i sju offentlege høyringar om ansvarleg forvaltning i første halvdel av året. Som investor er vi avhengig av relevant, tidsriktig og nøyaktig informasjon om selskapa vi er investerte i. Vi ønskjer å forstå dei miljømessige og sosiale forholda som kan påverke lønnsmda til selskapa på lengre sikt, og korleis dei handterer relevante risikoar og moglegheiter. Vi støtta forslaget frå Det kinesiske verdipapirtilsynet om å styrkje rapporteringa til børsnoterte selskap. Betre informasjon om styresamansetjing, vern av minoritetsaksjonærar og handtering av

berekraftsrisiko kan bidra til å styrkje tilliten til den kinesiske aksjemarknaden. Vi støtta også forslaget frå Det amerikanske verdipapirtilsynet (SEC) om å styrkje klimarapporteringa til børsnoterte selskap i USA.

Som investor i 70 land støttar vi utviklinga av nasjonale og internasjonale anbefalingar for god selskapsstyring. Dei fleste anbefalingane er ikkje juridisk bindande, men selskapa som ikkje følgjer dei, må ofte forklare kvifor dei valde ei anna tilnærming. Vi støtta endringane i Japans anbefalingar for selskapsstyring og la særleg vekt på uavhengigheit i styret, betre kjønnsbalanse og klimarapportering i tråd med anbefalingane frå arbeidsgruppa for klimarelatert finansiell rapportering (TCFD).

Fleire store marknader legg opp til at aksjonærane skal stemme over lønn og andre insentiv til leiinga. Vi har i samtaler med regulerande myndigheiter lagt vekt på ein lang tidshorisont for aksjebaserte insentiv, enkle insentivstrukturar og størst mogleg openheit. I et svar til det australske finanstillsynet (APRA) fremhevet vi at bruken av såkalte ikke-finansielle måltall også måtte være relevante for verdiskaping.

EU-kommisjonen la fram eit initiativ om berekraft og selskapsstyring og bad om innspel frå investorar. Utgangspunktet vårt er at styret har ansvar for å setje strategien til selskapet og handtere utfordringar knytte til miljø og sosiale forhold. Vi støtta ambisjonen om å fremje langsiktig tenking og innarbeide forhold knytte til miljø og sosiale forhold i avgjerdsprosessane i selskapa. Vi framheva at avlønningssplanar som har ein betydeleg andel av aksjar som er sperra for ein lengre periode, bidreg til langsiktighet. Vi la vidare vekt på at fondet investerer for framtidige generasjonar og arbeider for å fremje langsiktig verdiskaping og ansvarleg forretnings-

verksemd. Vi understreka behovet for vidare å harmonisere reglar og fjerne hinder for stemmegiving på tvers av landegrensar, slik at globale aksjonærar kan ta hand om eigarinteressene sine. Vi støtta forslaget til eit rammeverk for aktsemdsvurderingar i tråd med internasjonale standardar.

I februar publiserte vi eit posisjonsnotat om mangfald i styret. Posisjonsnotata våre er førande for stemmegjevinga vår på generalforsamlingar og gjev openheit om vedtaka våre. Mangfald gjev styret ulike perspektiv og innfallsvinklar som kan bidra til betre avgjerder. Mangfald i styret kan også styrkje truverdet til selskapet. Styret bør ha ein formell nominasjonsprosess for å identifisere moglege kandidatar som kan bidra til mangfald. Styre der kvart kjønn ikkje er representert med minst 30 prosent, bør vurdere å setje mål om kjønns mangfald og rapportere om framgang mot dette målet.

I april la vi fram oppdaterte retningslinjer for stemmegivinga vår. Vi styrkte forventninga om kjønnsbalanse i styret i utvikla marknader ved å setje som minimumskrav at styret skulle ha to representantar frå kvart kjønn. Vi framheva at vi vil halde styret ansvarleg for handtering av klimarisiko i selskapet. Vi varsla også at vi ikkje vil støtte lønnsplanar i USA som berre består av opsjonar.

### Utøving av eigarrettar

Stemmegjeving er eit av dei viktigaste verktøya vi har for å utøve eigarrettane våre. Vi stemte ved 8 498 møte i første halvdel av 2021, og på totalt 94 318 forslag. Andre kvartal er høgsesong for stemmegjeving. Meir enn to tredjedelar av årsmøta til selskapa skjer i perioden frå april til juni. I januar auka vi ytterlegare openheita om korleis vi utøver eigarrettane våre, gjennom å offentliggjere stemmene våre fem dagar før generalforsamlinga. Vi gjev også ei grunnjeving

for alle stemmer som går mot tilrådinga frå styret. I dei fleste tilfelle støttar vi forslaget frå styret.

Vi hadde 1 394 møte med selskap i første halvår. På 70,4 prosent av desse møta tok vi opp tema som selskapsstyring og berekraft. Spørsmål gjaldt som oftast klimaendringar, styresamansetjing og leiarlønner.

### Observasjon og utelukkingar

Noregs Bank offentliggjorde vedtak om å utelukke tre selskap frå Statens pensjonsfond utland i første halvår, og oppheva utelukka eitt selskap. Noregs Bank sette ytterlegare eitt selskap til observasjon og vedtok å følgje eitt selskap opp gjennom særskild utøving av eigarskap. Selskapa Shapir Engineering and Industry Ltd. og Mivne Real Estate KD Ltd. blei utelukka etter ei vurdering opp mot det åtførdsbaserte kriteriet for medverknad til systematiske brot på rettane til individ i krig og konflikt. I tillegg blei selskapet Honeys Holdings Co. Ltd. utelukka etter ei vurdering av risikoen for medverknad til brot på menneskerettane. Noregs Bank vedtok vidare å følgje opp selskapet ThyssenKrupp AG gjennom særskild utøving av eigarskap etter ei vurdering av korrupsjonsrisiko. I tillegg blei selskapet Kirin Holdings Ltd. Co. sett til observasjon på grunn av uakseptabel risiko for at selskapet medverkar til alvorlege krenkingar av rettane til individ i krig og konfliktsituasjonar.

Noregs Bank har vedteke å oppheve utelukka av Atal SA / Poland. Det vil seie at fondet no kan investere i dette selskapet. Der det er aktuelt, fastset Finansdepartementet datoar for når verdipapira til selskapa på nytt inngår i referanseindeksen for fondet. Om og når kjøp av desse verdipapira skjer, er opp til Noregs Bank.

# Hovudtal

**Tabell 12** Avkastning målt i valutakorga til fondet. Prosent.

	Første halvår 2021	2. kv 2021	1. kv. 2021	4. kv. 2020	3. kv. 2020
Aksjeinvesteringar	13,73	6,65	6,64	13,73	5,74
Renteinvesteringar	-2,00	1,18	-3,15	1,14	1,06
Unoterte eigedomsinvesteringar	4,59	3,10	1,45	0,65	0,92
Unoterte infrastrukturinvesteringar <sup>1</sup>	-1,93	-1,93			
<b>Avkastning på fondet</b>	<b>9,42</b>	<b>5,19</b>	<b>4,02</b>	<b>10,02</b>	<b>4,31</b>
Relativ avkastning på fondet (prosentpoeng)	0,28	0,02	0,24	0,41	-0,03
Forvaltningskostnader	0,02	0,01	0,02	0,01	0,01
<b>Avkastning på fondet etter forvaltningskostnader</b>	<b>9,40</b>	<b>5,18</b>	<b>4,01</b>	<b>10,01</b>	<b>4,29</b>

<sup>1</sup> Den første infrastrukturinvesteringa blei gjort i andre kvartal 2021. Avkastninga kjem hovudsakleg av valutakursendringar ved måling av avkastning i valutakorga til fondet. Ved utgangen av halvåret er det ikkje gjort noka verdiending på investeringa samanlikna med kjøpsverdi.

**Tabell 13** Historiske nøkkeltal per 30. juni 2021. Annualiserte tal målt i valutakorga til fondet.

	Sidan 01.01.1998	Siste 15 år	Siste 10 år	Siste 5 år	Siste 12 måneder
<b>Avkastning på fondet (prosent)</b>	<b>6,56</b>	<b>7,04</b>	<b>8,67</b>	<b>10,53</b>	<b>25,57</b>
Årleg prisvekst (prosent)	1,80	1,81	1,62	1,87	3,41
Årlege forvaltningskostnader (prosent)	0,08	0,07	0,06	0,05	0,05
Netto realavkastning på fondet (prosent)	4,60	5,07	6,88	8,45	21,38
Faktisk standardavvik for fondet (prosent)	8,00	9,16	8,43	9,47	9,32
Relativ avkastning på fondet (prosentpoeng) <sup>1</sup>	0,25	0,11	0,17	0,31	0,76
Faktisk relativ volatilitet for fondet (prosentpoeng) <sup>1</sup>	0,65	0,76	0,35	0,31	0,25
Informasjonsrate (IR) <sup>1,2</sup> for fondet	0,41	0,19	0,48	0,97	2,46

<sup>1</sup> Berekna på aggregerte aksje- og renteinvesteringar fram til og med 2016.

<sup>2</sup> IR er forholdstalet mellom den gjennomsnittlege månadlege relative avkastninga på fondet og den faktiske relative volatiliteten i fondet. IR viser den relative avkastninga per relative risikoeining.

Tabell 14 Nøkkeltal. Milliardar kroner.

	Første halvår 2021	2. kv 2021	1. kv. 2021	4. kv. 2020	3. kv. 2020
<b>Marknadsverdi</b>					
Aksjeinvesteringar	8 452	8 452	8 061	7 945	7 498
Renteinvesteringar	2 925	2 925	2 702	2 695	2 820
Unoterte eigedomsinvesteringar <sup>1</sup>	281	281	270	273	292
Unoterte infrastrukturinvesteringar <sup>2</sup>	14	14			
Marknadsverdien til fondet <sup>3</sup>	11 673	11 673	11 034	10 914	10 610
Påkomen, ikkje betalt, forvaltningsgodtgjersle <sup>4</sup>	-3	-3	-2	-5	-4
<b>Eigarkapital<sup>3</sup></b>	<b>11 670</b>	<b>11 670</b>	<b>11 032</b>	<b>10 908</b>	<b>10 606</b>
Tilførsel/uttak av kapital <sup>5</sup>	-147	-69	-78	-25	-105
Utbetalt forvaltningsgodtgjersle <sup>5</sup>	-5	0	-5	0	0
Avkastning av fondet	990	608	382	846	412
Endring som følgje av svingingar i kronekursen	-79	100	-178	-517	-97
<b>Endring i marknadsverdien</b>	<b>759</b>	<b>639</b>	<b>120</b>	<b>303</b>	<b>210</b>
<b>Verdiutvikling f.o.m. første tilførsel i 1996</b>					
Samla tilførsel av kapital <sup>5</sup>	2 942	2 942	3 010	3 092	3 116
Avkastning av aksjeinvesteringar	5 929	5 929	5 364	4 897	4 070
Avkastning av renteinvesteringar	1 393	1 393	1 358	1 446	1 428
Avkastning av unoterte eigedomsinvesteringar <sup>1</sup>	96	96	87	84	83
Avkastning av unoterte infrastrukturinvesteringar <sup>2</sup>	0	0			
Samla forvaltningsgodtgjersle <sup>6</sup>	-56	-56	-55	-53	-53
Endring som følgje av svingingar i kronekursen	1 369	1 369	1 269	1 448	1 965
<b>Marknadsverdien til fondet</b>	<b>11 673</b>	<b>11 673</b>	<b>11 034</b>	<b>10 914</b>	<b>10 610</b>
<b>Samla avkastning</b>	<b>7 417</b>	<b>7 417</b>	<b>6 809</b>	<b>6 427</b>	<b>5 581</b>
<b>Samla avkastning etter forvaltningskostnader</b>	<b>7 361</b>	<b>7 361</b>	<b>6 754</b>	<b>6 374</b>	<b>5 529</b>

<sup>1</sup> Inkluderer børsnoterte eigedomsinvesteringar i perioden 01.11.2014 til utgangen av 2016.

<sup>2</sup> Første infrastrukturinvestering blei gjort i andre kvartal 2021.

<sup>3</sup> Marknadsverdien til fondet er presentert i tabellen før påkomen forvaltningsgodtgjersle. Eigarkapital i rekneskapen er lik marknadsverdien til fondet fråtrekt påkomen, ikkje betalt, forvaltningsgodtgjersle.

<sup>4</sup> Utbetalt forvaltningsgodtgjersle er spesifisert på eiga linje, og ikkje inkludert under Tilførsel/uttak av kapital.

<sup>5</sup> Samla tilførsel av kapital er presentert i tabellen justert for påkomen, ikkje betalt, forvaltningsgodtgjersle.

<sup>6</sup> Forvaltningskostnader i dotterselskap, jf. Tabell 11.2 i rekneskapen, er ikkje ein del av forvaltningsgodtgjersla. Desse er alt trekte frå i samla avkastning, dvs. i avkastning før forvaltningsgodtgjersle.

# Regnskaps- rapportering

---

## REGNSKAP

### Sammendrett delårsrapportering

Resultatregnskap _____	23
Balanse _____	24
Kontantstrømoppstilling _____	25
Oppstilling av endringer i eiers kapital ___	26

## NOTER

### Noter til sammendrett delårsrapportering

Note 1	Generell informasjon _____	28
Note 2	Regnskapsprinsipper _____	29
Note 3	Avkastning _____	30
Note 4	Inntekt/kostnad fra aksjer, obligasjoner og finansielle derivater _____	31
Note 5	Beholdninger av aksjer, obligasjoner og finansielle derivater _____	32
Note 6	Unotert eiendom _____	34
Note 7	Unotert infrastruktur for fornybar energi _____	38
Note 8	Måling til virkelig verdi _____	39
Note 9	Investeringsrisiko _____	45
Note 10	Gevinst/tap valuta _____	51
Note 11	Forvaltningskostnader _____	52

## REVISOR

Revisors uttalelse _____	55
--------------------------	----

## Resultatregnskap

Beløp i millioner kroner	Note	1. halvår 2021	1. halvår 2020	2020
<b>Resultat fra porteføljen før gevinst/tap valuta</b>				
Inntekt/kostnad fra:				
- Aksjer	4	1 035 066	-334 606	883 788
- Obligasjoner	4	-51 442	155 947	198 080
- Unotert eiendom	6	11 308	-4 409	-1 017
- Unotert infrastruktur	7	-	-	-
- Finansielle derivater	4	-2 086	-4 239	-6 891
- Utlån med sikkerhetsstillelse		1 843	2 236	4 028
- Innlån med sikkerhetsstillelse		-19	-700	-751
Skattekostnad		-4 865	-2 244	-7 513
Renteinntekt/kostnad		-11	34	25
Annen inntekt/kostnad		10	-5	-35
<b>Porteføljerresultat før gevinst/tap valuta</b>		<b>989 803</b>	<b>-187 986</b>	<b>1 069 713</b>
Gevinst/tap valuta	10	-78 706	672 144	57 948
<b>Porteføljerresultat</b>		<b>911 097</b>	<b>484 158</b>	<b>1 127 661</b>
Forvaltningsgodtgjøring	11	-2 668	-2 733	-5 305
<b>Resultat og totalresultat</b>		<b>908 430</b>	<b>481 424</b>	<b>1 122 356</b>

## Balanse

Beløp i millioner kroner	Note	30.06.2021	31.12.2020
<b>Eiendeler</b>			
Innskudd i banker		21 992	18 258
Utlån med sikkerhetsstillelse		245 519	192 526
Avgitt kontantsikkerhet		2 645	5 715
Uoppgjorte handler		76 731	4 460
Aksjer	5	7 963 491	7 538 156
Utlånte aksjer	5	526 656	438 353
Obligasjoner	5	2 728 257	2 343 362
Utlånte obligasjoner	5	158 491	520 978
Finansielle derivater	5	3 168	2 551
Unotert eiendom	6	279 970	272 507
Unotert infrastruktur	7	14 059	-
Andre eiendeler		7 025	3 574
<b>Sum eiendeler</b>		<b>12 028 003</b>	<b>11 340 440</b>
<b>Gjeld og eiers kapital</b>			
Innlån med sikkerhetsstillelse		215 958	390 380
Mottatt kontantsikkerhet		7 560	6 004
Uoppgjorte handler		122 175	20 326
Finansielle derivater	5	4 701	7 619
Annen gjeld		5 055	2 350
Skyldig forvaltningsgodtgjøring	11	2 668	5 305
<b>Sum gjeld</b>		<b>358 117</b>	<b>431 983</b>
Eiers kapital		11 669 886	10 908 457
<b>Sum gjeld og eiers kapital</b>		<b>12 028 003</b>	<b>11 340 440</b>

## Kontantstrømoppstilling

Beløp i millioner kroner, innbetaling (+) / utbetaling (-)	Note	1. halvår 2021	1. halvår 2020	2020
<b>Operasjonelle aktiviteter</b>				
Innbetaling av utbytte fra aksjer		89 780	88 644	152 788
Innbetaling av renter fra obligasjoner		23 714	36 413	60 255
Innbetaling av renter og utbytte fra unotert eiendom	6	2 763	4 818	8 375
Netto innbetaling av renter og honorar fra utlån og innlån med sikkerhetsstillelse		1 782	1 270	3 053
<i>Innbetalinger av utbytte, renter og honorar fra beholdninger i aksjer, obligasjoner og unotert eiendom</i>		<i>118 039</i>	<i>131 146</i>	<i>224 470</i>
Netto kontantstrøm ved kjøp og salg av aksjer		364 662	-116 004	-80 610
Netto kontantstrøm ved kjøp og salg av obligasjoner		-105 099	193 720	102 085
Netto kontantstrøm til/fra investeringer i unotert eiendom	6	-406	-16 954	-15 997
Netto kontantstrøm til/fra investeringer i unotert infrastruktur	7	-14 023	-	-
Netto kontantstrøm finansielle derivater		-1 169	1 602	-5 499
Netto kontantstrøm kontantsikkerhet ved derivattransaksjoner		3 468	-523	-6 080
Netto kontantstrøm utlån og innlån med sikkerhetsstillelse		-204 237	-23 936	94 317
Netto utbetaling av skatt		-6 866	-5 964	-5 724
Netto kontantstrøm knyttet til renter på innskudd i banker og kassekreditt		-23	11	-10
Netto kontantstrøm knyttet til annen inntekt/kostnad, andre eiendeler og annen gjeld		401	176	-623
Utbetaling forvaltningsgodtgjøring til Norges Bank <sup>1</sup>	11	-5 305	-4 312	-4 312
<b>Netto innbetaling/utbetaling fra operasjonelle aktiviteter</b>		<b>149 442</b>	<b>158 961</b>	<b>302 018</b>
<b>Finansieringsaktiviteter</b>				
Tilførsel fra den norske stat <sup>2</sup>		227	1 459	5 032
Uttak fra den norske stat <sup>2</sup>		-146 258	-165 626	-301 800
<b>Netto innbetaling/utbetaling fra finansieringsaktiviteter</b>		<b>-146 031</b>	<b>-164 168</b>	<b>-296 768</b>
<b>Netto endring innskudd i banker</b>				
Innskudd i banker per 1. januar		18 258	14 476	14 476
Netto økning/reduksjon av kontanter i perioden		3 411	-5 206	5 250
Netto gevinst/tap valuta på kontanter		323	1 901	-1 467
<b>Innskudd i banker per periodens slutt</b>		<b>21 992</b>	<b>11 170</b>	<b>18 258</b>

<sup>1</sup> Forvaltningsgodtgjøringen som fremkommer i *Kontantstrømoppstillingen* for en periode er oppgjør av godtgjøring påløpt og resultatført i forrige år.


<sup>2</sup> Tilførsel/uttak inkluderer her kun de overføringene som er gjort opp i perioden. Tilførsel/uttak i *Oppstilling av endringer i eiers kapital* er basert på opptjent tilførsel/uttak.

## Oppstilling av endringer i eiers kapital


Beløp i millioner kroner	Tilført fra eier	Opptjente resultater	Sum eiers kapital
1. januar 2020	3 384 240	6 699 531	10 083 771
Resultat og totalresultat	-	481 424	481 424
Tilførsel i perioden <sup>1</sup>	330	-	330
Uttak i perioden <sup>1</sup>	-167 800	-	-167 800
<b>30. juni 2020</b>	<b>3 216 770</b>	<b>7 180 955</b>	<b>10 397 725</b>
1. juli 2020	3 216 770	7 180 955	10 397 725
Resultat og totalresultat	-	640 932	640 932
Tilførsel i perioden	3 800	-	3 800
Uttak i perioden	-134 000	-	-134 000
<b>31. desember 2020</b>	<b>3 086 570</b>	<b>7 821 887</b>	<b>10 908 457</b>
1. januar 2021	3 086 570	7 821 887	10 908 457
Resultat og totalresultat	-	908 430	908 430
Tilførsel i perioden <sup>1</sup>	-	-	-
Uttak i perioden <sup>1</sup>	-147 000	-	-147 000
<b>30. juni 2021</b>	<b>2 939 570</b>	<b>8 730 317</b>	<b>11 669 886</b>

<sup>1</sup> I første halvår 2021 ble 152,3 milliarder kroner trukket fra kronekontoen. Av dette ble 5,3 milliarder kroner benyttet til å betale skyldig forvaltningsgodtgjøring for 2020. I første halvår 2020 ble 0,3 milliarder kroner tilført kronekontoen mens 172,1 milliarder kroner ble trukket fra den. Av dette ble 4,3 milliarder kroner benyttet til å betale skyldig forvaltningsgodtgjøring for 2019.

Norges Banks hovedstyre  
Oslo, 11. august 2021



Øystein Olsen  
leder av hovedstyret



Ida Wolden Bache  
første nestleder for hovedstyret



Øystein Børsum  
andre nestleder for hovedstyret



Kristine Ryssdal  
styremedlem



Arne Hyttnes  
styremedlem



Karen Helene Ulltveit-Moe  
styremedlem



Hans Aasnæs  
styremedlem




Nina Udnes Tronstad  
styremedlem



Egil Herman Sjursen  
styremedlem

Norges Bank Investment Management



Nicolai Tangen  
leder for Norges Bank Investment Management

# Noter til regnskapsrapportering

## Note 1 Generell informasjon

### 1. Innledning

Norges Bank er landets sentralbank. Banken er et eget rettssubjekt og eies av staten. Norges Bank forvalter Statens pensjonsfond utland (SPU) på vegne av Finansdepartementet i henhold til lov om Statens pensjonsfond § 3 annet ledd og mandat for forvaltning av Statens pensjonsfond utland (*forvaltningsmandatet*), fastsatt av Finansdepartementet.

SPU skal støtte statlig sparing for finansiering av fremtidige utgifter og underbygge langsiktige hensyn ved bruk av Norges petroleumsinntekter. Stortinget har fastsatt rammene i lov om Statens pensjonsfond, og Finansdepartementet har det formelle ansvaret for fondets forvaltning. Hovedstyret i Norges Bank har delegert gjennomføringen av forvaltningsoppdraget til Norges Bank Investment Management (NBIM).

Finansdepartementet har plassert fondsmidlene til forvaltning i SPU som et kroneinnskudd på en særskilt konto i Norges Bank (*kronekontoen*). Banken skal i eget navn videreplassere kronekontoen i en investeringsportefølje bestående av børsnoterte aksjer, obligasjoner, unotert eiendom og infrastruktur for fornybar energi. SPU er i sin helhet investert utenfor Norge.

I henhold til forvaltningsmandatet foretas overføringer til og fra kronekontoen. Når Statens petroleumsinntekter overstiger Statens oljepengebruk over statsbudsjettet vil det gjøres innskudd på kronekontoen. I motsatte tilfeller vil det gjøres uttak. Overføringer til og fra kronekontoen medfører en tilsvarende endring i *Eiers kapital*.

### 2. Godkjenning av delårsregnskapet

Delårsregnskapet til Norges Bank for første halvår 2021, som kun omfatter regnskapsrapporteringen for SPU, ble godkjent av hovedstyret 11. august 2021.

---

## Note 2 Regnskapsprinsipper

### Grunnlag for utarbeidelse

*Bestemmelser om årsregnskap mv. for Norges Bank (bestemmelsene)*, som er fastsatt av Finansdepartementet, angir at regnskapsrapporteringen for SPU skal utarbeides i samsvar med International Financial Reporting Standards (IFRS) som fastsatt av EU.

Det sammendratte delårsregnskapet for første halvår 2021 er utarbeidet i samsvar med IAS 34 *Delårsrapportering*, med de tillegg og unntak som følger av bestemmelsene. Delårsregnskapet er presentert i norske kroner og avrundet til nærmeste million. Avrundingsdifferanser kan forekomme.

Delårsregnskapet er utarbeidet basert på de samme regnskapsprinsippene og beregningsmetodene som ble benyttet og opplyst om i årsrapporten for 2020. Fordi et sammendratte delårsregnskap ikke inneholder all informasjon og tilleggsopplysninger som må gis i et årsregnskap, bør det leses i sammenheng med årsrapporten for 2020.

### Vesentlige estimater og skjønnsmessige vurderinger

Utarbeidelsen av delårsregnskapet innebærer bruk av usikre estimater og forutsetninger knyttet til fremtidige hendelser som påvirker regnskapsførte beløp for eiendeler, forpliktelser, inntekter og kostnader. Estimater fastsettes basert på tidligere erfaringer og reflekterer ledelsens forventninger om fremtidige hendelser. Faktiske utfall kan avvike fra estimatene. Utarbeidelsen av delårsregnskapet innebærer også skjønnsmessige vurderinger i forbindelse med anvendelsen av regnskapsprinsipper, som kan ha betydelig innvirkning på regnskapet.

I tilfeller hvor det foreligger spesielt usikre estimater eller skjønnsmessige vurderinger, er dette omtalt i de respektive notene.

## Note 3 Avkastning

Tabell 3.1 Avkastning

	1. halvår 2021	1. halvår 2020	2020
